

# Tok spranget ut i verda

Tøffe jenter. To tøffe jenter, som ikkje er redde for å ta spranget ut i den store verda. Maria Fernanda Ruiz Padilla (t.v.) har dratt frå Mexico til Bø og Solrun Vold frå Bø til USA. Foto: Gro Birgitte Røiland

**Det er spennande dagar for Maria Fernanda Ruiz Padilla og Solrun Vold. Begge har tatt spranget over til andre sida av kloden for eit år fullt av spennande opplevingar.**

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no

For eit par veker sidan landa Maria Fernanda (17) – eller Fer som ho kallar seg – i Noreg og Bø. Torsdag for ei veke sidan sette Solrun (17) seg på flyet til USA og Michigan.

Fer skal bu eitt år i Bø og vera elev ved Bø vidaregåande skule. Solrun skal bu eitt år i staten Michigan, der ho skal vera elev ved Owosso High School.

Begge skal i løpet av året bu med to vertsfamiliar.

I april gjekk Mathias Bergan i Bø Rotaryklubb ut i Bø blad og etterlyste vertsfamiliar som kunne ta imot utvekslingseleven Fer frå Mexico. I kjølvatnet av avisartikkelen melde det seg tre familiar som var villige til å stille opp.

Da Fer kom til Bø, blei ho tatt imot av Arne Momrak og Kristin Sveinsson Momrak. Hos dei skal ho bu det fyrste halve skuleåret. Etter jul flytter ho til Heidi og Fredrik Christoffersen i Gvarvvegen.

### I siste liten

Den tredje vertsfamilien var Vold i Liheia. Resultatet blei eit anna enn det dei hadde tenkt. I samtale med representanten frå Rotary, sa dottera Solrun at ho syntest utvekslingsprogrammet var interessant. Da ein norsk ungdom med plass i USA melde avbod i summar, fekk Bø-jenta spørsmål om ho ville dra i staden. Ho måtte i så fall svare same dag.

– Eg tenkte at sjølvsagt tek eg plassen, seier Solrun og smiler breitt. Ho heiv seg rundt og klarte på rekordtid å ordne alt frå visum til plass på high school. Dermed blir siste året på Søve vidaregåande skole utsatt for å gje rom for eit skuleår i Michigan.

Bergan i Bø Rotary er storfornøgd med resultatet. At den etter måten vesle klubben både kan ta imot ein utanlandsk ungdom og sende to ungdomar ut, har ifylgje Bergan gjeve klubben eit skikkeleg løft.

I tillegg til Solrun, står Bø Rotaryklubb for at Vilje Dale frå Tessungdalen i Tinn nå er utvekslingselev i Mexico.

### Frå meksikansk millionby

For Fer er overgangen frå San Luis Potosí til Bø stor. I meksikansk målestokk er heimbyen hennar liten, med sine to millionar innbyggjarar.

– Det er forskjell, men eg likar det. I Mexico er me ikkje vane med å gå så mykje, her går ein overalt. Eg likar det, seier Fer.

Ho kjenner på saknet etter foreldre og søsken i Mexico, men har funne seg godt til rette hos sin nye familie i Kyrkjebakken.

– Dei liknar min eigen familie. Me er også fem, seier 17-åringen.

Førre måndag byrja ho i 2. klasse på Bø vidaregåande skule. Her har ho eigen kontaktlærar og to medelevar som fadrar i klassa.

– Det var hyggeleg, men eg skjønte ingen ting, seier Fer og smiler.

Utfordringa blir å lære norsk.

– Det vanskelege er at ho er så god i engelsk, så det er lett å snakke engelsk med henne. Men me skal lære henne norsk, seier Annika Momrak (16), som med Fer har fått ei ny syster i familien.

– Eg har alltid ynskt meg ei storesyster, og nå har eg fått det, seier Annika.

### Majones og [illegible]

Også Solrun skal vera del av to familiar i løpet av året. Fyrste stopp er ein sporty familie på sju, der alle spring maraton.

– Fer i familien har budd i Noreg, så eg har fått beskjed om å ta med norsk majones og oppskrift på kaka «Verdens beste», seier Solrun.

Etter jul flytter ho til ein familie på seks personar, der både spansk og engelsk er morsmål. Dei likar å prøve mat frå mange land, så til dei har Solrun med oppskriftsbøker.

Litt tungt var det å ta farvel med naturen, skid og venner i Bø for eit heilt år. Men dagen før avreise var 17-åringen mest prega av spenning og glede.

– Alt skal takast på strak arm! Eg vil få med meg masse opplevingar, bruke engelsken min og utvikle meg positivt som person, seier Solrun.



*Systrer. Annika Momrak har alltid ynskt seg ei storesyster. Nå har ho fått det i Maria Fernanda, som skal bu hos dei denne hausten.*



# T…
# spra…
# ut i…

**Det er spennande dagar for Maria Fernanda Ruiz Padilla og Solrun Vold. Begge har tatt spranget over til andre sida av kloden for eit år fullt av spennande opplevingar.**

Gro Birgitte Røiland
gro@boblad.no

For eit par veker sidan landa Maria Fernanda (17) – eller Fer som ho kallar seg – i Noreg og Bø. Torsdag for ei veke sidan sette Solrun (17) seg på flyet til USA og Michigan.

Fer skal bu eitt år i Bø og vera elev ved Bø vidaregåande skule. Solrun skal bu eitt år i staten Michigan, der ho skal vera elev ved Owosso High School.

Begge skal i løpet av året bu med to vertsfamiliar.

I april gjekk Mathias Bergan i Bø Rotaryklubb ut i Bø blad og etterlyste verstfamiliar som kunne ta imot utvekslingseleven Fer frå Mexico. I kjølvatnet av avisartikkelen melde det seg tre familiar som var villige til å stille opp.

Da Fer kom til Bø, blei ho tatt imot av Arne Momrak og Kristin Sveinsson Momrak. Hos dei skal ho bu det fyrste halve skuleåret. Etter jul flytter ho til Heidi og Fredrik Christoffersen i Gvarvvegen.

**I siste liten**

Den tredje vertsfamilien var Vold i Liheia. Resultatet blei eit anna enn det dei hadde tenkt. I samtale med representanten frå Rotary, sa dottera Solrun at ho syntest utvekslingsprogrammet var interessant. Da ein norsk ungdom med plass i USA melde avbod i sommar, fekk Bø-jenta spørsmål om ho ville dra i staden. Ho måtte i så fall søkje same dag.

– Eg tenkte at sjølvsagt tek eg plassen, seier Solrun og smiler breitt. Ho heiv seg rundt og klarte på rekordtid å ordne alt frå visum til plass på high school. Dermed blir siste året på Søve videregående skole utsatt for å gje rom for eit skuleår i Michigan.

Bergan i Bø Rotary er storfornøgd med resultatet. At den etter måten vesle klubben både kan ta imot ein utanlandsk ungdom og sende to ungdomar ut, har ifylgje Bergan gjeve klubben eit skikkeleg løft.

I tillegg til Solrun, står Bø Rotaryklubb for at Vilje Dale frå Tessungdalen i Tinn nå er utvekslingselev i Mexico.

**Frå mexicansk millionby**

For Fer er overgangen frå San Luis Potosí til Bø stor. I mexicansk målestokk er heimbyen hennar liten, med sine to millionar innbyggjarar.

– Det er forskjell, men eg likar det. I Mexico er me ikkje vane med å gå så mykje, her går ein overalt. Eg likar det, seier Fer.

Ho kjenner på saknet etter foreldre og søsken i Mexico,

# ok
# nget
# verda



**Tøffe jenter.** *To tøffe jenter, som ikkje er redde for å ta spranget ut i den store verda. Maria Fernanda Ruiz Padilla (t.v.) har dratt frå Mexico til Bø og Solrun Vold frå Bø til USA. Foto: Gro Birgitte Røiland*

men har funne seg godt til rette hos sin nye familie i Kyrkjebakken.

– Dei liknar min eigen familie. Me er også fem, seier 17-åringen.

Førre måndag byrja ho i 2. klasse på Bø vidaregåande skule. Her har ho eigen kontaktlærar og to medelevar som fadrar i klassa.

– Det var hyggeleg, men eg skjønte ingen ting, seier Fer og smiler.

Utfordringa blir å lære norsk.

– Det vanskelege er at ho er så god i engelsk, så det er lett å snakke engelsk med henne. Men me skal lære henne norsk, seier Annika Momrak (16), som med Fer har fått ei ny syster i familien.

– Eg har alltid ynskt meg ei storesyster, og nå har eg fått det, seier Annika.

**Majones og kokebøker**

Også Solrun skal vera del av to familiar i løpet av året. Fyrste stopp er ein sporty familie på sju, der alle spring maraton.

– Far i familien har budd i Noreg, så eg har fått beskjed om å ta med norsk majones og oppskrift på kaka «Verdens beste», seier Solrun.

Etter jul flytter ho til ein familie på seks personar, der både spansk og engelsk er morsmål. Dei likar å prøve mat frå mange land, så til dei har Solrun med oppskriftsbøker.

Litt tungt var det å ta farvel med naturen, slekt og vener i Bø for eit heilt år. Men dagen før avreise var 17-åringen mest prega av spenning og glede.

– Alt skal takast på strak arm! Eg vil få med meg masse opplevingar, bruke engelsken min og utvikle meg positivt som person, seier Solrun.



**Systrer.** *Annika Momrak har alltid ynskt seg ei storesyster. Nå har ho fått det i Maria Fernanda, som skal bu hos dei denne hausten.*